

Begertelefon



1

Lag begertelefonen:

- Finn to pappkrus eller plastbeger.
- Lag eit lite hol i botnen av kvart beger med ein spikar.
- Tre ein bomullshyssing gjennom holet i det eine begeret.
Lag ein knute i enden av tråden på innsida av begeret for
å sikre at tråden held seg på plass.
- Gjenta prosessen med det andre begeret.

2


Gjennomfør eksperimentet:

- Ta med ein læringsvenn og gå ut i entreen eller ut i skulegarden.
- Strekk hyssingen stramt mellom dykk.
- Ein av dykk tek begeret inntil øyret. Den andre snakkar lågt inn i begeret sitt.

3

Observer og diskuter:

- Kva skjer hos den som held begeret inntil øyret?
- Kvifor trur du dette skjer?



Nysgjerrigper

Linjal-lyd



1 Oppgåve 1:

- Hald linjalen din mellom leppene.
- Dunk forsiktig i enden av linjalen med ein blyant.
- Observer korleis lyden blir.

2 Oppgåve 2:

- Hald linjalen din mellom tennene.
- Dunk forsiktig i enden av linjalen med ein blyant.

3 Observer og diskuter:

- Høyrer du ein forskjell mellom dei to forsøka?
- Kvifor trur du det er slik?



NB!

Vask linjalen din
både før og
etter bruk.



Nyskjerrigper

Kyrkjeklokker



1

Ta to stålskeier og bind ein hyssing til kvar.

- Hald ein ende av hyssingen i kvar hand.
- Snurr tråden rundt kvar peikefinger.

Heng skeiene ned framfor deg og la dei to skeiene dunke mot kvarandre eller i til dømes ein stol.

Spørsmål:

- Kva skjer når skeiene dunkar mot kvarandre?

2

Hald fram med eksperimentet:

- Ta hendene dine opp til øyra, sorg for at hyssingen ligg inntil øyra og at trådane heng fritt ned framfor deg.
- Dunk dei to skeiene mot kvarandre eller mot ein stol.

3

Observer og reflekter:

- Kva skjer?
- Merkar du nokon forskjell i lyden?
- Kvifor trur du det er slik?



Speledåsen

1

Oppgåve 1:

- Hald den manuelle speledåsen med sveiv i handa.
- Sveiv på den vesle sveiva. Korleis er lyden frå speledåsen?

2


Oppgåve 2:

- Legg speledåsen på eit bord og sveiv på sveiva.
- Korleis er lyden frå speledåsen no?
- Kva trur du skjer når lyden blir endra?
- Kvifor trur du denne endringa skjer?

3

Oppgåve 3:

- Legg speledåsen på ulike overflater og spel på han.
- På kva overflate synest du det blir best lyd?
- Kvifor trur du det er ulik lyd frå ulike overflater?



Nysgjerrigper

Stemmegaffel



1

Oppgåve 1:

- Ta ein stemmegaffel og hald rundt skaftet på han.
- Slå gaffelbeina varsamt mot bordkanten.
- Loft deretter stemmegaffelen og hald han nær øyret ditt og lytt.
 - Kva skjer?
 - Kvifor skjer dette?

2

Oppgåve 2:

- Ta stemmegaffelen i skaftet og slå gaffelbeina forsiktige mot bordplata.
- Sett deretter den runde knotten i enden av skafta ned mot bordplata.

3

Observer:

- Kva skjer?
- Kvifor skjer dette?



Nyskjerrigper

Stemmegaffel i vatn

1 Finn fram ein bolle med vatn og ein stemmegaffel.

2 Gjennomfør forsøket:

- Hald stemmegaffelen i skaftet.
- Slå forsiktig gaffelbeinet til stemmegaffelen mot bordkanten.
- Senk deretter raskt dei to gaffelbeina ned i vatnet i bollen.

3 Observer:

- Kva skjer?
- Kvifor trur du dette skjer?



Nysgjerrigper

Vinglas

1

Instruksjon:

- Ta to vinglas og fyll dei med litt vatn.
- Fukt peikefingeren med vatn og stryk varsamt rundt den øvste kanten på vinglaset.

2

Oppgåve:

- Få det eine glaset til å spele ein lys tone.
- Få det andre glaset til å spele ein mørk tone.

3

Spørsmål til refleksjon:

- Kva må du gjere for å endre tonen i glasa?
- Kvifor trur du tonen endrar seg slik?



NB!

Når du er ferdig med forsøket, hugs å tømme vatnet frå glasa ut i vasken, slik at glasa er klare til neste person.



Nysgjerrigper

Røyrtelefon



1

Instruksjon:

- Ta ein hageslange og strekk han så langt du kan gjennom dører og inn på til dømes eit grupperom eller så kan du gjere dette ute i skulegarden.

2

Gjennomfør eksperimentet:

- To elevar står ved kvar sin ende av ein hageslange.
- Ein elev snakkar lågt inn i den eine enden av slangen, medan den andre lyttar i den motsette enden.

3

Observer:

- Kva skjer?
- Kvifor trur du dette skjer?



Nysgjerrigper

Ballong-lyd



1

Ved hjelp av ein ballong skal du no lage to ulike lydar:

- a) ein lys lyd
- b) ein mørk lyd

2

Instruksjon:


- Kva må du gjøre med ballongen for å få til kvar av desse lydane?
- Bruk opninga til ballongen og tuten på han til å lage ulike lydar.
- Beskriv trinna du går gjennom.

3

Refleksjon:

- Kvifor trur du endringar i korleis du bevegar opninga til ballongen gir ulike lydar?

NB!
Berre ein
ballong per
elev.



Nysgjerrigper